

Høyringsvar – Midtmarka og Rotemyra

Eg er ein gut på 15 som driv med terrengsykling, og Flatøy og Håøy er eit veldig flott område å sykla i. Kvar gong eg sykklar der, møter eg nokon som går på tur. Det er eitt av dei flottaste og lettaste tilgjengelege naturområda i Alver å gå/sykla på tur i. Dersom det blir bygd ut med 3000 bustader, vil dette ikkje berre øydeleggja naturområda og stiane, men opplevinga av å vera i naturen. For meg har Håøy vore ein stad der eg kan vera fri. Når eg sykklar til Håøytoppen, er det fantastisk å nyta utsikten frå toppen. Med blokker og mange hus like ved vil opplevinga bli ei heilt anna.

I staden for å byggja ut Flatøy, der det per i dag ikkje bur så mange, bør vi heller satsa på Knarvik og Frekhaug der fleire bur. Treng vi egentleg fleire tettstader? I Lonene skal det byggjast mange hus i områda der vi kan sykla og gå, og vi kan byggja meir i sentrum av Knarvik og Frekhaug. Eg har lese på nettet at det er betre å byggja i høgda enn å byggja over store areal. Viss Midtmarka blir bygd ut, blir det eit stort område som blir øydelagd for framtida.

Vi hadde på skulen om utvikling av folketalet i verda, og i følge SSB vart det i 2017 født 2300 færre born i Noreg enn året før. Gjennomsnittleg får no kvar kvinne 1,62 born. Aldri før har det vore så få barnefødsler i forhold til kor mange menneske vi er i Noreg. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/rekordlav-fruktbarhet> Då lure eg på kvifor det skal byggjast så mange nye hus. Det einaste svaret eg reflekterte meg fram til, er at nokon vil tena pengar på dette.

Det sparer også naturen for store arr å ikkje byggja ut på Flatøy. Eg trur heller ikkje at folk på Flatøy alltid kjem til å ta bussen til trening, butikk, jobb osv. Då blir det meir biltrafikk, og det vil heller ikkje vere bra.

Knarvik, 17.02.2020

Hallvard Kjeka